

# **Vik Senterparti -for folket – for fleire folk**

## **Om ikkje Vik Senterparti - Kven? Om ikkje nein – Når?**

Senterpartiet meiner at Vik kommune framleis skal stå på eigne bein, og vil føra ein realpolitikk og gjera tiltak for at målet om ein sjølvstendig kommune vert ivareteke. Folketalsutvikling er den største utfordringa for Vik kommune. Vik Senterparti er overtydd om at det må skje grunnleggjande endringar for å skapa realistiske håp for Vik kommune som ein del av framtida.

Me trur på ein samordna og målretta politikk der kommunestyret sine vedtak underbyggjer kvarandre og fører oss i rett retning. Det er summen av mange politiske endringsgrep som kan skapa ei positiv utvikling i Vik kommune..

I dette valprogrammet fortel me meir om våre tankar og tiltak dei nærmaste åra. Alle tiltak og oppgåver skal ha som mål å skapa optimisme, framtidstro og bulyst i heile kommunen.

Vik Senterparti kjem IKKJE til å setja kommunenedlegging på dagsorden. Skulle det likevel bli snakk om, er partiet si haldning heilt avklara. Kommunesamanslåing skal vera frivillig, basert på grundige utgreiingar og bli avgjort ved folkerøysting.

### **Tiltak**

Prioritere ny samfunnsdel til kommuneplanen fremst.

Ta grep for positiv utvikling av heile kommunen.

Kommunen er til for oss.

Ein kultur for oppvekst!

Samferdsle.

Reiseliv og destinasjonsutvikling.

Helse og omsorg.

Demokrati og organisasjonsutvikling.

## **Kommunen er til for oss**

Senterpartiet vil at innbyggjarane i Vik alltid skal oppleva kommunen som ein open og tilgjengeleg lagspelar og innbyggjarane sin viktigaste samarbeidspartner.

Senterpartiet sitt arbeid skal ha som mål å gjera Vik kommune til den mest attraktive å busetje seg i.

### **Tiltak**

Gjeninnføre tenestetorg og ha ope sentralbord i alminneleg arbeidstid.

Revidere gebyrsatsane for sakshandsaming og andre gebyr.

Satsing på bygdevekstavtale med Staten, ei ordning der distriktskommunar får midlar til målretta utvikling.

Vurdera å søkja status som frikommune. Slik status gjev høve til å prøva ut ordningar som i dag manglar heimel i lov.

Få innført lokalt forankra kommunal innkjøps- og anbods-strategi.

Samarbeid med Fortidsminneforeninga om felles stilling innan kulturforvaltning.

Fokus på desentralisert integrering, a la Gloppen modellen, der tilflyttarar har vorte buande.

Sikra ordningar for å ivareta og utvikla kulturygga og kyrkjene i kommunen.

Syta for at kommunen tek eit overordna organisatorisk ansvar for samordning av kultur og fritidstilboda i kommunen.

Etablera eit garantifond for gjennomføring av større kulturarrangement i frivillig regi.

Løfta fram Vik kommune som arena for festivalar.

Vik kommune skal nytt nynorsk i all kommunikasjon med brukarane og omverda!

Dette ikkje minst på skulane og i møte med innbyggjarane.

## **Ein kultur for oppvekst!**

Senterpartiet vil ta det politiske ansvaret for barnehagar og skular og gje det synleg.

Institusjonane skal ivareta barn og ungdom og sikra at lokal kunnskap viser att i trygge, kunnskapsrike og stolte nye generasjonar med lokal forankring og vidsyn.

Senterpartiet vil leggja til rette for og ta ansvar for å utvikla både offentleg og frivillig arbeid for barn og ungdom.

Senterpartiet vil føra ein politikk som fremjar folketalsauke og slik gjev grunnlag for ein varig desentralisert skulestruktur, der minst dagens skuletilbod vert oppretthalde

16 år i Vik skal gje meirsmak!

## **16 år i Vik skal gje meirsmak!**

Vidareutvikla og utvida det gode kulturskuletilbodet.

Gjere skulerutene tilgjengelege for nye brukarar, og betre transporttilbodet til barnefamiliar.

Framtidig varig bruk av skulebygningen og omgjevnadane på Vangsnes skal avklarast. Utvikling av barnehagen som naturbarnehage skal utgreiaast.

Ny målbruksplan for Vik kommune, inkl. kravsspesifisering av nynorske lærermiddel i skulen.

Få gjennomført ei ekstern brukarundersøking knytt til barnehagane og skulane. Digital skulekvardag skal evaluerast.

Gjenopprettta plantid i barnehagane.

Innføra kommunale målretta ordningar for utdanningsstipend

Finansiera utvikling av lokale lærermiddel.

Kulturhistorie, «ikkje-synlege» kulturminne, geologi, lokalgeografi, naturbruk, lokal musikk

Støtta aktivt opp om lagsarbeid og frivillige organisasjonar.

Styrke lokalt musikkliv.

Støtte oppunder dei gode idrettstilboda, slik at satsing på skiskyting, friidrett og fotball kan halda fram, og elles bidra til å styrke breiddeidretten.

Leggja til rette for eit moderne anlegg for skytesport i kommunen.

Tilretteleggja for eit motorsportanlegg.

Leggja til rette for utvikling og fornying av anlegget i Kålhagen.

Tilretteleggja for e-sport.

Kommunen skal arbeide aktivt og tverrfagleg for å førebygge og ha tidleg innsats innan rus og psykisk helse. Ny tilslutning til SLT-ordninga (Samordning av Lokale rus og kriminalitetsførebyggjande Tiltak).

Syta for at nyskapinga «Frivillesentralen» vert ein møteplass og aktivator i lokalsamfunnet.

Innløysa og drifta friområdet i Indrefjorden som offentleg badepass.

Tilrettelegga for familiebarnehage i Arnafjorden.

## Samferdsle

Målet med Senterpartiet sin samferdslepolitikk er å utvikla kommunen sin næringsattraktivitet og bu og arbeidsområde. Senterpartiet vil arbeida aktivt på alle arenaer for å få til samarbeid og stor politisk tyngde bak dette utviklingsarbeidet.

Senterpartiet vil samarbeida med Nye Veger AS, tilgrensande kommunar og aktuelle organisasjonar om utvikling av vegnettet mellom Sogndal og Vinje og ferjesambandet Vangsnes – Hella - Dragsvik.

Det skal arbeidast aktivt for å framskunda naudsynte prosessar og løyvingar for å utvikla RV13, Vikafjellet med tunnell til eit tidsrett samband.

Senterpartiet skal halda fram arbeidet for å få planlagt og finansiert ein tunnel for å gjera Fv. 5600 til Arnafjorden, til ei trygg og rassikra vegløysing mellom hovudsoknet og bygdene i Arnafjorden.

Arbeida for å få å utvikla Fv. 5602, Vangsnes – Fresvik til eit trygt og tidsrett vefsamband.

Arbeid for opprusting og modernisering av tidlegare Fv. 181, Osen – Grindedal.

Arbeide for å få utbetring av Fv. 5603 Storevegen i Fresvik, frå krysset med Øvstevegen til krysset med Åsavegen.

## Tiltak samferdsle

Framskunda planlegging av tunnelpåhogg Rv 13 Kvassdalen.

Tryggja myke trafikantar ved å til dømes:

Gang- og sykkelveg frå Vikja til Flatbygdi skule med bruløysing.

Planlegga sykkelveg mellom Vik og Vangsnes. Fokus på strekningane Krossen-Vangsnes ferjekai og Gotevik – Djuvik.

Gangveg med gatelys mellom Hønsivegen og Voll skal sluttførast.

Trafikksikring av kommunal veg Badnadalen-Stadheim.  
Gatelysanlegg frå Voll forbi tuna på Hove skal sluttførast.  
12-årsplan for prioritert oppgradering av alle kommunale vegar, inkl.  
dekkeleggingsprogram og trafikksikring.  
Gjennomføring av vedteken reguleringsplan Rinde.

## Næring og samfunnsutvikling

Senterpartiet vil vera aktive i det grøne skiftet ved utvikling av næringslivet der lokale energikjelder, naturressursar, spisskompetanse og marknadstilhøva gjer dette framtidsretta. Me vil arbeide for å oppretthalde det breie, eksisterande næringslivet samstundes som det vert lagt til rette for utvikling. Aktivt fokus på rekruttering.  
Me vil utvikla Vik til ein pendlarvenleg kommune.

### Tiltak

Eksisterande og nyetablerte verksemder skal sikrast konkurransedyktig energitilgang.  
Utvikla ny næring og aktivitet knytt til våre fornybare energikjelder.  
Regulering og grunnerverv for utviding av Vik Fengsel, og legge til rette for samlokalisering med politiet og muleg ny brannstasjon.  
Arbeide for ivaretaking av meieriet i Vik, for framhald, og vidareutvikling av produksjonen av den norske kulturarven gamalost og lokal foredling av bær.  
Bidra til å fremje næring knytt til kommunen sine kulturminne.  
Jobbe for å oppretthalde utvikla industrimiljøet og dei andre eksisterande næringane både på land og sjø.  
Tilrettelegga for oppdrettsnæring.  
Etablira garantiordningar for å sikra investeringar og bustadetablering i Arnafjorden.  
Eigedomsskattlegginga på verk og bruk skal gjerast meir målretta. Vurdera bruk av botnfrådrag.  
Avvikla eigedomsskatt på hus og hytter.  
Ta aktivt eigarskap til næringsutviklinga, i samarbeid med Sogn Næring.

## Landbruksutvikling

Senterpartiet vil føra ein aktiv og målretta lokal landbrukspolitikk.  
Landbruket er og må vera ei basisnæring der lokal næringsaktivitet, busetnad og det å skapa ein arena for gode liv skal stå i fokus.  
Hovudmålet er aktive sjølveigde produksjonseiningar med lys i alle hus.  
Bruk av areala, og ikkje minst busetjing i grondene er avgjerande for å ha levande bygder. Senterpartiet vil, i tråd med regjeringa sine signal, utfordra gjeldande politikk med fokus på eigedomsomsetjing, busetjing og drift.

Styrke landbrukskontoret.

Det skal utarbeidast ein eigen temaplan for landbruk inkl. ein eigen jordvernsstrategi, skogbruk, utmarksnæring og beitebruk.

Kommunen sin innsats for å oppretthalde mjølkeproduksjon i Vik skal vidareførast.

Kommunale og fylkeskommunale vegar må oppgraderast til å tolle tømmerbilar.

Vik kommune skal etablera eit profesjonelt og fagleg tenestetilbod for å sikra aktivt eigarskap på landbrukseigedomar som kjem på sal.

Medverke til langsiktige rammer i jordleigekontraktar.

Vik kommune skal tilretteleggja for organisering og registrering av uregistrerte jordsameige.

Arbeida for betre velferdsordningar innanfor landbruket.

Fremje allsidig produksjon der ein får utnytte alle ressursane på gardsbruka.

Innføra kommunalt etableringsstipend i bupliktspersonen.

Innføra tilskotsordning for reetablering og vedlikehald av utgardar.

## Reiseliv og destinasjonsutvikling

Senterpartiet ynskjer å styra Vik kommune inn i ei gjennomtenkt og planlagd framtid som reiselivskommune.

Ein overordna kommunal plan for reiselivsutviklinga skal vedtakast av kommunestyret.

Næringsretta langsiktig destinasjonsutvikling basert på lokal identitet, kulturhistorie og UNESCO-status.

Organisasjonen rundt hamnedrifta skal profesjonaliserast og tilførast både administrativt og økonomisk ansvar. Organisasjonen skal også bidra til samordning av det lokale reiselivet sine fellesfunksjonar.

I arbeidet med utvikling av ein overordna destinasjonsplan, skal det vurderast å få etablert eit service- og visningsanlegg ved Fridjovsparken.

Sølvringen skal sluttførast med arm frå Hove kyrkje mot Granden, langs Vikja.

Arbeid med planlegging, finansiering og etablering av eit større reiselivssenter i triangelet: kyrkjene i Vik og Moahaugane skal utgreia.

Tilkomst Kyrelvstupet/Skorge. Bygging av «sherpasti» skal utgreia/planleggjast.

Badeplassen ved Kristianhus skal supplerast med sanitæranlegg, omkledningsrom og badstove.

Bruke ordninga med statleg medfinansiering av offentlege friområde.

## Helse og omsorg

Senterpartiet vil ha eit helsetilbod som gjev gode tenester til innbyggjarane i alle livsfasar.

Alle skal oppleva ein god og verdig alderdom. Me vil leggja til rette for eit aktivt, sosialt liv både på institusjon og i eigen bustad.

Det er under bygging eit flott helse og omsorgssenter. Me vil fylla romma med trivsel for tilsette og brukarar.

Senterpartiet vil bygga eit sterkt fagleg miljø innan helsesektoren. Dette for å gjera sektoren til ein attraktiv arbeidsplass, som gjev innbyggjarane gode tilbod.

Senterpartiet har fokus på folkehelsa og vil leggja til rette for, og støtta frivillig og kommunalt aktiviserande arbeid for alle aldersgrupper.

Me vil ha fokus på psykisk helse gjennom heile livsløpet.

Me vil arbeida for eit varmt og inkluderande bygdefellesskap, og gje tilgang på dei rette fagressursar der det trengs.

Me vil syta for at me framleis skal ha den gode skulehelsetenesta vår.

Me vil sikra innbyggjarane forsvarlege ambulanse- og sjukehustenester.

Sertifisere VHO som «Livsgledeheim», ei ordning som fremjar livsglede for dei som bur på institusjon.

Aktivt arbeid for å rekruttera og halda på helsefagarbeidarar og sjukepleiarar, utvikla komplette rekrutteringspakkar.

Ei sterk fagleg satsing, halda fram med faste fagdagar i turnus.

Legge til rette for fleire lærlingepllassar.

Få på plass ein kreftkoordinator.

Arbeida for å få på plass att fylkeskommunal tannlege.

Jobbe for ei fagleg styrking den psykiatriske tenesta, og legge til rette for vidareutdanning av tilsette i tenesta.

Godt akutt-tilbod for innbyggjarane . Ein velfungerande Kommunal Akutt

Døgneining, og ei sterk legevakt med det utstyret som trengs.

Styrke ergoterapi og fysioterapi også for heimebuande.

Fokus på utvikling av samarbeid mellom dei ulike yrkesgruppene.

## Demokrati og organisasjonsutvikling

Senterpartiet vil retta fokus på politisk og demokratisk styring av kommunen.


Me skal vera ein open og inkluderande «ja-kommune».

Me skal gjenopprett ein politisk utvalsstruktur med stor grad av tilrådings- og avgjerdsmynde på utvalsnivå.

Under leiing av Senterpartiet skal Vik kommune framstå som ein ansvarleg og tydeleg arbeidsgjevar for dei tilsette.

Arbeidsgjevarrolla for Vik kommune sin største arbeidsplass skal vera tydeleg og positiv.

Senterpartiet skal satsa på etter- og vidareutdanning for tilsette i kommunen.



Me skal revidera sentrale styringsdokument slik at politikarane får tilbake styringsmakt, og får høve til å setje retning på samfunnsutviklinga.

Me skal etablere eit kommunalt fagpolitisk tilsetjings- og forhandlingsorgan.

Me skal og syte for eit velfungerande sjølvstyrt ungdomsråd med eige budsjett, uttale- og forslagsrett i kommunestyret.